

Geir Sakseide: Tekstgjennomgang Kristi åpenbaringsdag

TEKSTGJENNOMGÅING

Kristi openberringsdag, 4. januar 2026

Jesaja 60,1-6

Ef 3,1-7

Matt 2,1-12

Mosaikken i Betlehem

Midtausten har alltid vore prega av krig og vald. Då den persiske hæren inntok Det heilage landet i år 614, godt hjelpt av jødiske og samaritanske opprørarar, øydela dei og brende kyrkjene i området. Men ei skriftleg kjelde fortel at då dei kom til fødselskyrkja i Betlehem, fann dei ein mosaikk* som dei kjende seg igjen i . Der var det bilde av vismenn i persiske klede som hylla barnet i krybba. Derfor sparte dei fødselskyrkja. I dag er Midtausten ein mosaikk av ulike folkeslag, religionar og trusretningar, men bildet me ser, er ikkje alltid like fint. Kristi openberringsdag handlar om at menneske frå aust og vest, nord og sør finn vegen til Betlehem for å tilbe barnet i krybba. Framleis er det mange som finn fram til trua på Jesus. Kan dei også vera med og bidra til fred og forsoning?

Dagen og tekstane

I openberringstida mellom jul og faste kastar tekstane lys over kven Jesus er. I denne tida får misjonen ein særleg plass i kyrkja vår.

Kristi openberringsdag er ein søndag då misjonsmotivet står sterkt, slik det kjem fram i dagens bøn:

Evige Gud, du lét stjerna leia vismennene til Betlehem. Vi bed deg: Lys for oss på vegen vi skal gå. Lat alle folkeslag få sjå din herlegdom, og hylla han som kom med frelse, Son din, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve. Amen.

Epifaniadagen var opprinneleg feira den 6. januar. I 1771 opphøyrd den som eigen heilagdag, og sidan 1917 er dagen lagt til første søndag i januar. På grunn av ulike

kalendrar er 6. januar julaftan i fleire austlege kyrkjesamfunn. Hos oss blir dagen gjerne kalla “Hellig tre kongers dag” etter teksten frå første rekke om vismennene frå Austerland, og mange stader i Møre er det tradisjon med misjonsfest denne kvelden. I vestleg tradisjon er desse uspesifiserte vismennene blitt til tre heilage kongar med eigne namn: Caspar, Balthazar og Melchior. Når tradisjonen har gjort vismennene til kongar, har det nok sin bakgrunn i leseteksten frå Jesaja 60,1-6. Der heiter det at “Folkeslag skal gå mot ditt lys, kongar mot din soloppgang”. Vidare står det om kamelar og om folk frå Saba som kjem med gull og røykjelse.

I leseteksten frå Ef 3,1-7 skriv apostelen Paulus også om folkeslag, og kallar seg sjølv ein “fange for dykkar skuld, de som er frå andre folkeslag”. Han har fått ei spesiell forvaltaroppgåve av Gud, å vera apostel for folkeslaga. Det er no blitt openberra ved Anden “at folkeslaga har del i den same arven, den same kroppen og den same lovnaden i Kristus Jesus”.

Evangelieteksten (Matt 2,1-12) handlar om “nokre vismenn frå Austerland” som fylgde ei stjerne til Jerusalem. “Magoi”, det greske ordet for “vismenn”, finn me også igjen i Daniels bok (Dan 1,20) i ein versjon av septuaginta. Det er blitt foreslått at dei var ein slags prestelege embetsmenn frå den zoroastriske religionen i persarriket. I kristen samanheng er dei blitt tolka som representantar for folkeslaga. Stjerna som dei fylgde, kunne leia dei eit stykke på veg, men så måtte dei ha hjelp av dei skriftlærde. På same måte kan den naturlege openberringa gi alle menneske ei viss opplysning, men for sann kunnskap om Gud treng me den spesielle openberringa i Guds ord.

Misjon som tiltrekning og utsending

Det er interessant å leggja merke til at me ser ei utvikling av misjonsmotivet i Matteus-evangeliet frå det sentripetale (misjonen som tiltrekning) til det sentrifugale (misjonen som utsending). Her i byrjinga av boka er det misjon som tiltrekning som er det dominerande motivet, medan dåpsbodet / misjonsbodet i Matt 28 handlar om misjon som utsending. Der blir apostlane pålagde å gå til alle folkeslag og gjera dei til læresveinar. I Matt 10 får utsendingane tydeleg beskjed om at dei ikkje skal gå til heidningane eller samaritanbyane, men “til dei bortkomne sauene i Israels hus”. Utover i boka får me likevel hint om at Guds rike er for folkeslaga også. Mot slutten av evangeliet, i den store talen om tidene som skal koma, seier Jesus t.d. at “evangeliet om riket skal forkynnast i heile verda til vitnemål for alle folkeslag” (Matt 24,14).

Nokre preikeknaggar:

For den som vil bruka dagen til å seia noko om misjon, er det mykje å ta tak i i desse tekstane, anten me snakkar om misjonale kyrkjelydar som tar imot søkande menneske, eller me vil trekka fram kyrkjelydens misjonsavtale med ein av organisasjonane.

- Det går an å fokusera på vismennene: Kven var dei? Dei representerer folkeslaga som kjem til Betlehem for å hylla frelsaren. Framleis er det mange som søker Jesus, både i utlandet og heime i Norge. Mange snakkar i dag om ei auke i søkande unge menneske.
- Stjerna som leda vismennene til Jesu fødestad er eit kjent fokus på denne dagen. Kva finn me av sanning i andre kulturar og religionar som kan føra folk eit stykke på veg mot Jesus? Korleis kan me bruka desse elementa av sanning som bru til å forkynna Kristus?
- Det sentripetale misjonsmotivet (misjon som tiltrekning) gir meining i samband med flyktningar som møter trua på Jesus der dei kjem, t.d. i Libanon. Det vesle landet har tatt imot bortimot eit par millionar flyktningar frå Syria. I har kyrkja stor fridom til å dela trua fritt, og mange kjem til tru på Jesus. Korleis kan me som kyrkje i Norge ta godt imot dei som kjem hit?
- Då vismennene skulle tilbake igjen, blei dei varsla i ein draum om å ta ein annan veg. Me finn også fleire døme på draumar i fødselsforteljingane. Draumar spelar framleis ei viktig rolle for muslimar som kjem til tru på Jesus.
- Midtausten er ein mosaikk av folkeslag og trussamfunn. Denne mosaikken har ikkje alltid vore like vakker. Kan dei finna ein måte å leva saman i fred med kvarandre? Kan dei som trur på Jesus bidra til fred og forsoning mellom bitre fiendar, slik at mosaikken av folkeslag kan bli eit vakkert bilde?

Meir informasjon

Leit gjerne etter konkret informasjon på heimesidene til den organisasjonen kyrkjelyden har misjonsavtale med. [NMS er i ferd med å lansera nye nettsider no, og eg vil venta litt med å leggja inn konkrete lenker her.]

*) Denne delen av mosaikken er der ikkje lenger, men ein reknar med at den liknar på ein som me finn i den italienske byen Ravenna.